



Vår ref.

12/409-6 /RAJ/13/2246

Arkiv:

N-025

Dato

17.06.2013

Delegeringsreglement for Jondal kommune, del 2. Vedtekte av kommunestyret i KS-sak 074/12, justert i KS-sak 023/13

Delegeringsreglement for Jondal kommune, del 1.

Vedtekte av Jondal kommunestyre i sak 074/12, justert i KS-sak 023/13.

Innhald

1. Organisatorisk oppbygging
2. Delegering
3. Lovpålagte politiske organ sitt mynde
4. Andre politiske organ sitt mynde

1. Organisatorisk oppbygging

Kommunelova legg opp til to nivå av beslutningstakarar. Politisk nivå og administrativt nivå.

Politisk nivå i Jondal kommune

Lovpålagte politiske organ etter kommunelova

- Kommunestyret, jf. § 6
- Formannskapet, jf. § 8
- Ordførar, jf. § 9
- Administrasjonsutval, jf. § 25
- Kontrollutval, jf. § 77

Lovpålagte politisk valde organ etter særlover

- Valstyre, jf. vallova § 4-1.
- Eldreråd, jf. eldrerådslova § 1 1.ledd.
- Råd for funksjonshemma, jf. Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- Skjønsutval på 3 medlemmer, jf. forpaktingslova § 11 2. ledd
- Skattetakstnemnd etter eigedomsskattelova § 33 2.ledd
- Overskattetakstnemnd, jf. eigedomsskattelova § 33 2.ledd
- Forliksråd, jf. domstollova § 27 1.ledd.
- Overformynderi, jf. vergemålslova § 19.

Andre politiske organ

Kommunelova gjev høve til å opprette faste utval (§ 10 nr.1), komitear (§ 10 nr.5), styre for bedrift ol. (§ 11 nr.1) og interkommunale styre (§ 27 nr.1) i tillegg til dei lovpålagte politiske organa.

I Jondal kommune har ein valt å opprette følgjande utval, nemnder ol:

- Hovudutval for oppvekst og levekår (HOL)
- Hovudutval for teknisk og næring (HTN)
- Ungdomsråd
- Viltnemnda

Administrativt nivå i Jondal kommune

Kommunelova pålegg kommunen å ha følgjande stillingar/funksjonar:

- Administrasjonssjef (rådmann), jf § 22
- Rekneskapskyndig person, §24, 2. ledd

Andre stillingar/funksjonar som er heimla i særlover:

- Fagutdanna biblioteksjef, jf. folkebiblioteklova § 5
- Skatteoppkrevjar, jf. skattebetalingslova § 2-1
- Skulefagleg ansvarleg, jf. opplæringslova § 13-1 4. ledd
- Rektor, jf. opplæringslova § 9-1 2. ledd
- Kommunelege, jf. kommunehelsetenestelova § 3-5
- Barnevernsleiar, jf. barnevernlova § 2-1 4.ledd
- Arkivansvarleg, jf. arkivlova § 12, jf. forskrift av 11.12.1998 nr 1193 § 2-1

- Barnerepresentant som ivaretek barn- og unge sine interesser i planprosessar, jf. plan- og bygningslova § 3-3
- Leiar av brannvernet, jf. § 9 i brann- og eksplosjonsvernlova

2. Om delegering

Kva er delegering?

Delegering er at nokon, dvs organ eller stilling, (A) med mynde gjev ein annan, dvs organ eller stilling, (B) mynde av same art som ein sjølv (A) har.

Delegering frå td. kommunestyret til rådmannen for eit bestemt saksfelt gjer ikkje at kommunestyret mister noko av sitt eige mynde på dette saksfeltet. Kommunestyret kan framleis fatte vedtak på dette saksfeltet på same måte som rådmannen kan.

Uansett om det er rådmannen eller kommunestyret som fattar vedtak er det kommunestyret som har ansvaret for saksfeltet. Når rådmannen fattar vedtak innan dette saksfeltet, gjer han dette på vegne av kommunestyret, og har då ikkje det formelle ansvaret for vedtaket.

Rådmannen har likevel eit ansvar i forhold til kommunestyret som sin overordna og det organ som har gjeve delegasjonen.

Korfor delegering?

Den viktigaste grunnen til at det skjer delegering av mynde, er å avlaste det organ eller den stillinga som sit med myndet og fordele arbeidsbelastninga på fleire. Ein annan årsak kan vere at det for å fatte hensiktsmessige vedtak er behov for fagkunnskap som den med mynde ikkje har. I tillegg vil delegering i dei fleste tilfelle gje kortare saksbehandlingstid i enkelt saker.

Kommuneloven § 6 seier at det i hovudsak berre er kommunestyret som har mynde til å fatte vedtak på vegne av kommunen. Når ein ser det tal vedtak som blir fatta i kommunen årleg, seier det seg sjølv at det ikkje er hensiktsmessig eller praktisk mogleg at alle disse blir fatta av kommunestyret sjølv. For å unngå ein slik situasjon er det vanleg at kommunestyret derfor delegerer deler av sitt mynde til andre organ i kommunen. Dette kan vere til andre politiske organ eller til rådmannen.

Kva kan/kan ikkje delegerast?

For at ei delegering skal vere lovleg må visse kriterium være oppfylte:

A. Det må være lov å delegere myndet

Utgangspunktet i kommunelova er at det mynde som er gjeve etter lova kan delegerast. Det er likevel unntak frå dette, det er dei såkalla delegasjonssperrene.

Den mest vanlege sperra er at det er lagt til "selv" eller "sjølv" i lovteksten. Som td.

"kommunestyret ansetter selv administrasjonssjefer" i kommunelova § 22 nr. 2. Denne formuleringa gjer at kommunestyret ikkje kan gje andre mynde til å tilsette rådmann.

Om eit organ har fått delegert mynde innan eit saksfelt, er utgangspunktet at dette myndet kan bli delegert vidare. Men også her er det unntak. Nokre organ som kan få delegert mynde vil normalt ikkje kunne delegere det gjevne myndet vidare. Dette gjeld ordførar, styre for bedrifter ol. og interkommunale styre. Rådmannen har en noko avgrensa rett til vidare delegering. Han kan ikkje delegere det myndet han har fått vidare til andre politiske organ, som faste utval, komitear ol., men han har rett til å delegere vidare internt i sin administrasjon.

I dei tilfella der det i utgangspunktet er fri rett til vidare delegering, kan dette bli avgrensa ved at det i det opphavlege delegeringsvedtaket blir sagt at dette myndet ikkje kan bli delegert vidare til andre.

B. Delegeringa må bli gjeve til nokon som har lov til å få slikt mynde
Kommunelova set avgrensingar både på kven som kan få mynde ved delegering, og på kva type mynde desse kan få.

- Formannskap, § 8 nr 3:
 - kan få mynde frå kommunestyret
 - kan få mynde i alle saker der delegeringssperre ikkje er til hinder
 - kan delegere sitt mynde vidare til ordførar, utval, styre for bedrifter ol. og rådmann
- Ordførar, § 9 nr.5:
 - kan få mynde frå politiske organ
 - kan få mynde i enkeltsaker eller ikkje-prinsipielle saker der delegeringssperre ikkje er til hinder
 - kan få mynde i hastesaker (§ 13)
- Faste utval, § 10 nr.1 (td. hovudutval):
 - kan få mynde frå kommunestyret
 - kan få mynde i alle enkeltsaker der delegeringssperre ikkje er til hinder
 - kan få mynde i hastesaker (§ 13)
 - kan delegere sitt mynde vidare til leiaren for utvalet, underutval, ordførar, komitear, styre for bedrifter ol. og rådmann
- Komitear, § 10 nr.5:
 - kan få mynde frå andre politiske organ
 - kan få mynde til førebunde behandling av saker og utføring av særskilte verv
 - kan få mynde i saker som har direkte tilknytning til komiteen si oppgåve, og der delegeringssperre ikkje er til hinder
 - kan delegere sitt mynde vidare internt i komiteen og til rådmann
- Styre for bedrift, institusjon ol., § 11 nr.3:
 - kan få mynde frå politiske organ
 - kan få mynde til å avgjere saker som angår verksemda si drift og organisering, og der delegeringssperre ikkje er til hinder
 - kan ikkje delegere sitt mynde vidare anna enn internt i styret
- Rådmannen, § 23 nr.4
 - kan få mynde frå politiske organ
 - kan få mynde til å treffe vedtak i enkeltsaker og ikkje-prinsipielle saker, og der delegeringssperre ikkje er til hinder
 - kan ikkje delegere sitt mynde vidare anna enn internt i administrasjonen
- Administrasjonsutval § 25:
 - som faste utval
- Interkommunalt styre § 27 nr.1:
 - kan få mynde frå kommunestyret (evt. fleire kommunestyre)
 - kan få mynde til å avgjere saker som angår verksemda si drift og organisering, og delegeringssperre ikkje er til hinder

- kan ikkje delegere sitt mynde vidare anna enn internt i det interkommunale styret

Etter kommunelova kan ikkje andre få mynde på vegne av kommunen. Særlover kan likevel innehalde reglar som utvidar kven som kan ha mynde.

C. Sjølvdelegeringsvedtaket må vere gyldig

I dette ligg det at saksbehandlingsreglar og reglar om fleirtal, habilitet, om utvalet er vedtaksført o.l. må vere følgde.

3. Lovpålagte politiske organ sitt mynde

Kommunestyret

1. Etter kommunelova er kommunestyret Jondal kommune sitt øvste folkevalde organ. Kommunestyret har difor rett til å fatte vedtak i alle saker som angår kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov. Kommunestyret har sjølv avgjerdsmynde i dei sakene der kommunelova og særlover har gitt kommunestyret avgjerdsmynde som det ikkje er høve til å delegere (delegeringssperre).
Desse sakene skal avgjerast av kommunestyret, til vanleg etter tilråding frå det organet som etter sitt reglement skal gje tilråding til kommunestyret innafor vedkomande organ sitt saksområde. Kommunestyret kan likevel fatte vedtak utan tilråding frå anna organ i slike saker.
2. Når ikkje anna følgjer av lov som nemnt, gjer kommunestyret sjølv vedtak i alle saker med mindre kommunestyret har delegert avgjerdsmynde slik:
 - a) Til andre folkevalde organ etter dette delegeringsreglementet eller etter særskilt delegeringsvedtak.
 - b) Til rådmannen.
3. Alle delegeringsvedtak skal vere skriftlege.
4. I tillegg til saker kommunelova eksplisitt har lagt til kommunestyret, skal kommunestyret også avgjere følgjande saker etter same lov:
 - Kommuneplanen og andre planar av overordna karakter som skal inngå som delplanar i kommuneplanen.
 - Andre saker med overordna politiske styringsføremål og saker elles som er viktige for kommunen.
 - Årsmelding, rekneskap og rekneskap for bygg- og anleggsprosjekt.
 - Saker med budsjettmessige fylgjer, m.a. saker om nye tiltak/ tenester eller vesentleg utviding av etablerte tiltak/ teneste.
 - Andre saker som har samanheng med årsbudsjettet/ økonomiplanen.
 - Saker om å setja i gang større plan- og prosjektarbeid.
 - Godkjenne avtalar med vesentleg økonomiske forpliktingar, inkludert også avtalar om interkommunale samarbeidstiltak.
 - Opptak av nye lån til refinansiering av eldre lån.
 - Stille garanti for økonomiske forpliktingar.
 - Fastsetje prisar og andre salsvilkår m.m. for kommunalt tilrettelagde tomter til bustadføremål og næringsføremål.
 - Fastsetje betalingsattsar og gebyr for kommunale tenester.
 - Fråsegner frå kommunen om viktige politiske saker og planar.
 - Hovudtrekka i organiseringa av kommunen.
5. Kommunestyret har sjølv avgjerdsmynde i alle saker etter særlov så langt vedkomande særlov har gjeve kommunestyret avgjerdsmynde som det ikkje er høve til å delegere til andre politiske utval eller rådmannen.
6. Kommunestyret kan gje adhoc-utval tilrådingsmynde (instillingsrett) etter §39, nr. 2.

Delegeringssperre

I mange høve gjev kommunelova ingen andre enn kommunestyret mynde til å fatte vedtak i bestemte saker, såkalla delegeringssperre.

- Velje formannskap, jf. § 8 nr. 1 og 3
- Velje ordførar og varaordførar, jf. § 9
- Opprette og nedlegge faste utval og bestemme arbeidsfeltet for utvalet, jf. § 10
- Opprette, omorganisere og nedlegge kommunestyrekomitear og bestemme saksfeltet for desse, jf. § 10a
- Opprette styre for kommunal bedrift, jf. § 11
- Opprette evt. kommunedelsutval og bestemme saksfeltet for desse, jf. § 12 nr. 1–3 og 5.
- Gje mynde i hastesaker, jf. § 13.
- Innføre eller oppheve parlamentarisme som styringsform, jf. § 18 nr. 1 og 3.
- Eventuelt innføre og velje kommuneråd m.v., jf. § 19 nr. 1 og 3.
- Tilsette rådmann, jf. § 22 nr. 2
- Bestemme at ein i leiande stillingar skal tilsette på åremål, jf. § 24 nr. 2
- Endre medlemstal i kommunestyret, jf. § 7 nr. 3
- Opprette eller slutte seg til pensjonsordning for tilsette i kommunen, jf. § 24 nr. 3.
- Velje medlemmer og leiar/nestleiar i partssamansette utval – administrasjonsutval, jf. § 25 nr. 2.
- Fastsette retningslinjer for dei tilsette sin møterett i nemnder, jf. § 26 nr. 4
- Opprette interkommunale styre og gje desse mynde til å treffe avgjerder som angår verksemda si drift og organisering, jf. § 27 nr. 1
- Overdraging av tariffmynde til ei interkommunal samanslutning, jf. § 28
- Overlate utføringa av lovpålagte oppgåver til ein vertskommune, jf. § 28a
- Vedta skriftleg samarbeidsavtale om vertskommunesamarbeid, jf. § 28e
- Fastsette reglar for føring av møtebok, jf. § 30 nr. 3
- Vedta at val til folkevalde organ skal gå føre seg som avtaleval, jf. § 38a
- Fastsette reglement for saksbehandling i politiske organ, jf. § 39.
- Fastsette reglement for delegering av avgjerslemynde og kven som har tilrådingsmynde (innstillingsrett) i saker til politiske organ, jf. § 39 nr. 2.
- Ta stilling til innbyggjarinitiativ, jf. § 39a
- Bestemme at ein skal ha rådgevande lokal folkerøysting, jf. § 39b
- Vedta reglar for folkevalde sin rett til innsyn, jf. § 40 nr. 5
- Vedta reglar og satsar for godtgjering av utgifter og økonomisk tap o.a. for den som har tillitsverv i kommunen, jf. § 41
- Vedta reglar og satsar for tapt arbeidsforteneste, jf. § 42.
- Vedta pensjonsordning for folkevalde, jf. § 43.
- Vedtak og endringar av økonomiplanen, jf. § 44 nr. 6
- Vedtak og vesentlege endringar av årsbudsjettet, jf. § 45 nr. 2
- Vedta årsrekneskapen, jf. § 48 nr. 3.
- Vedta disponering av rekneskapsmessig underskot, jf. § 48 nr. 4.
- Prinsippvedtak om opptak av lån, jf. § 50.
- Vedta å stille garanti, jf. § 51.
- Gje reglar for kommunen si finansforvaltning, jf. § 52.
- Fatte vedtak om betalingsinnstilling, jf. § 56.
- Fatte vedtak om oppretting av kommunalt foretak, og velje styre og fastsette vedtekter for foretaket, jf. § 62.

- Endre vedtekter for kommunalt foretak, jf. § 63 nr. 2
- Velje styre, leiar og nestleiar for kommunale foretak, jf. § 65 nr. 3 og 4 og § 66 nr. 3
- Har det øvste tilsyn med den kommunale forvaltninga, og kan forlange ei kvar sak lagt fram for seg til orientering eller avgjerd. Kommunestyret kan omgjere vedtak av andre folkevalde organ eller administrasjonen på same måte som desse kan omgjere vedtaket sjølve. Skal også sjå til at den kommunale regnskapen blir revidert på ein betryggande måte, jf. § 76.
- Velje kontrollutval som skal ha det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga, jf. § 77 nr. 1.
- Velje medlemmer, varamedlemmer og leiar/nestleiar til kontrollutvalet, § 77 nr. 1 tredje punktum.
- Kan når som helst gjennomføre nyval av medlemmer i kontrollutvalet, jf. § 77 nr. 3.
- Skal sjå til at kontrollutvalet har naudsynt sekretærbistand, § 77 nr. 10.
- Avgjer om kommunen skal tilsette eigne revisorar, ta del i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med ein annan revisor. Vedtaket blir fatta etter tilråding frå kontrollutvalet, § 78 nr. 3.
- Velje revisor. Vedtaket blir fatta etter tilråding frå kontrollutvalet, jf. § 78 nr. 4.
- Kan fastsette reglar om kontrollutvalet og revisor sin kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap og fastsetje kva for dokument m.v. som skal sendast til kontrollutvalet og revisor, jf. § 80, 2. ledd.

Formannskapet (FS)

Kommunelova gjev ikkje formannskapet avgjerslemynde i enkeltsaker, slikt mynde må i tilfelle gjevast av kommunestyret.

Delegeringssperre

Det er likevel ein lovpålagt plikt etter kommunelova at formannskapet behandlar og gjev tilråding i nokre bestemte saker.

- gje tilråding i sak om økonomiplan etter § 8 nr.3, jf. § 44 nr. 6
- gje tilråding i sak om årsbudsjett etter § 8 nr.3, jf. § 45 nr. 2.
- skattevedtak etter § 8 nr.3
- gje tilråding i sak om årsrekneskap og årsmelding, jf. § 48

Delegert mynde til formannskapet etter kommunelova

- Kommunestyret gjev formannskapet mynde til å behandle og fatte vedtak i alle saker innafor sitt ansvarsområde dersom ikkje myndet ved lov, dette reglement eller anna reglement er lagt til eit anna organ, jf §10 nr. 2.
- Kommunestyret gjev formannskapet delegert mynde etter § 13 ("hasteparagrafen"). Vedtak som blir fatta på grunnlag av denne delegeringa skal refererast i kommunestyret.
- Kommunestyret gjev formannskapet + 2 arbeidstakarrepresentantar mynde som administrasjonsutval, jf. § 25.

Delegert mynde til formannskapet etter andre lover

- Kommunestyret gjev formannskapet mynde som kommunal klagenemnd etter forvaltningslova § 28.

- Kommunestyret gjev formannskapet mynde som valstyre etter vallova § 4-1
- Kva for delegering som evt. gjeld i høve til andre særlover vil kome fram under den einskilde lov i KF Delegeringsreglement.

FS sitt ansvarsområde ut over det som er lovpålagt gjeld følgjande:

Ansvar

- Ansvar 110 Rådmann
- Ansvar 800 Pensjon
- Ansvar 900 Finansiering

Særlover

- Diskriminerings- og tilgjengelegheitslova
- Domstollova
- Eigedomsskattelova
- Forvaltningslova
- Friluftsløva
- Kyrkjeløva
- Offentleglova
- Plan- og bygningslova (kommuneplanen)

Innafor sitt ansvarsområde har formannskapet m.a. avgjerdsmynde i følgjande saker:

1. Disponere budsjettmidlar innan sitt ansvarsområde til tiltak i samsvar med rammer og føresetnader i vedteke årsbudsjett.
2. Tildele tilskot til ulike føremål/ tiltak innafor sitt ansvarsområde innafor vedtekne budsjetttrammer.
3. Gje fråsegner i saker som ikkje må til kommunestyret.
4. Opprette ad-hoc komitear/ nemnder til å førebu større og viktige saker for formannskapet.
5. I medhald av kommunelova §23 nr. 4 kan formannskapet innan sine ansvarsområde gje rådmannen fullmakt til å avgjera enkeltsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell karakter. Formannskapet kan ikkje delegere avgjerdsmynde til andre enn rådmannen i administrasjonen, unntak frå dette er i saker der lov, forskrift eller anna regelverk gjev pålegg om at delegering berre kan skje til den som overordna fagleg ansvarleg.

Formannskapet har tilrådingsmynde etter kommunelova §39 nr. 2 i følgjande saker:

1. Formannskapet skal til vanleg gje tilråding til kommunestyret i saker som kommunestyret sjølv skal avgjere innafor formannskapet sitt ansvarsområde.
2. Tertialrapportar, årsmelding og rekneskap frå rådmannen, innafor sine ansvarsområde.
3. Kommuneplanen (både areal- og samfunnsdelen).

Ordførar

Kommunelova gjev ikkje ordføraren avgjerslemynde i enkeltsaker på vegne av kommunen, men kommunestyret eller andre politiske organ kan delegere til ordføraren mynde til å fatte vedtak i einskildsaker som ikkje er av prinsipiell karakter, jf. § 9 nr. 5. Ordføraren er kommunen sin rettslege representant og skriv under på vegne av kommunen i alle saker dersom ikkje anna er bestemt. Vidare kan ordføraren få delegert mynde i hastesaker, jf. § 13.

Ordføraren kan ikkje berre med heimel i kommunelova § 9 representere kommunen t.d. i eit aksjeselskap eller generalforsamling. Representantar til slike organ må veljast på vanleg måte av kommunestyret eller, etter evt. delegering, av formannskapet. Det er ikkje uvanleg at ordføraren blir valt til slike verv.

Delegert mynde til ordføraren etter kommunelova

- Kommunestyret gjev ordføraren delegert mynde etter § 13 ("hasteparagrafen") i einskildsaker som ikkje er av prinsipiell karakter, jf. § 9 nr. 5, i den tida formannskapet ikkje har møte ("Sommarfullmakt"). Vedtak som blir fatta på grunnlag av denne delegeringa skal refererast i formannskapet.
- Kommunestyret gjev ordføraren delegert mynde til å fatte vedtak i saker som er delegert til rådmannen i dei tilfella der rådmannen sjølv, og som følgje av dette, heile administrasjonen er inhabil jf. § 6. Det same gjeld mynde til å kome med tilråding til folkevalde organ i dei tilfella der rådmannen sjølv, og som følgje av dette, heile administrasjonen er inhabil.
- Kommunestyret gjev ordføraren mynde til sjølv å saksbehandle og kome med tilråding (innstilling) i saker til alle politiske organ, jf. §39, nr.2, dersom anna lovverk ikkje er til hinder for dette.

Delegert mynde etter andre lover

Kva for delegering som evt. gjeld i høve til andre særlover vil kome fram under den einskilde lov i *KF Delegeringsreglement*.

Administrasjonsutvalet

Kommunelova gjev ikkje administrasjonsutvalet avgjerslemynde i enkeltsaker på vegne av kommunen.

Delegert mynde til administrasjonsutvalet etter kommunelova

- Kommunestyret gjev administrasjonsutvalet mynde til å behandle og fatte vedtak i alle saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette, jf. § 6, dersom ikkje myndet ved lov, dette reglement eller anna reglement er lagt til eit anna organ.
- Kommunestyret gjev administrasjonsutvalet tilrådingsmynde etter jf. §39 nr. 2 i alle saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette, i saker som kommunestyret sjølv skal avgjere.

Delegert mynde etter andre lover

Kva for delegering som evt. gjeld i høve til andre særlover vil kome fram under den einskilde lov i *KF Delegeringsreglement*.

Administrasjonsutvalet tilrår i følgjande saker:

Utvalet har tilrådingsmynde i saker om hovudtrekka i organiseringa av kommunen.

Kontrollutvalet

Kommunelova gjev ikkje kontrollutvalet avgjerslemyme i enkeltsaker på vegne av kommunen.

Kontrollutvalet skal stå for det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret. Kontrollfunksjonen kan ikkje overlatast til andre.

Valstyret

Kommunestyret gjev jf. §4-1 i vallova formannskapet mynde som valstyre.

Delegert mynde til valstyret etter kommunelova

- Kommunestyret gjev valstyret tilrådingsmynde etter jf. §39 nr. 2 i alle saker som gjeld valordninga i saker som kommunestyret sjølv skal avgjere.

Delegert mynde til valstyret etter vallova

- Kommunestyret gjev valstyret mynde til å fatte alle avgjerder etter vallova som dersom ikkje myndet ved lov, dette reglement eller anna reglement, er lagt til eit anna organ, jf §10 nr. 2.

Felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Jondal kommune har valt å ha eit felles organ som både har oppgåvene som eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne, jf § 4a i eldrerådslova og §4 i Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Kommunestyret fatta i KS-sak 057/06 m.a. følgjande vedtak:

Pkt 3

Eldrerådet skal f.o.m. neste valbolk også fungere som råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Rådet blir valt av kommunestyret etter at pensjonistlaga i Jondal og Herand og Handikapforbundet Sørvest har tilrådd 1 medlem og 1 varamedlem kvar. Kommunestyret vel leiar og nestleiar jf. § 4a i eldrerådslova.

Rådet skal behandle saker som gjeld eldre og menneske med nedsett funksjonsevne sine levekår i kommunen. Dette gjeld m.a. reguleringsplanar, årsbudsjett og økonomiplan.

Rådet er eit rådgjevande organ for kommunen, jf. lov om kommunale eldreråd §3.

Delegert mynde til Felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne etter kommunelova

- Kommunestyret gjev Felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne tilrådingsmynde etter jf. §39 nr. 2 i alle saker som blir lagt fram for rådet.

Skjønsutval etter forpaktingslova

Blir valt av kommunestyret mellom kommunen sine innbyggjarar når behov oppstår.

Skattetakstnemnd

Blir valt av kommunestyret mellom kommunen sine innbyggjarar, jf eigedomsskattelova § 33.

Skal ved behov verdsetje faste eigedomar i kommunen etter byskattelova §§ 4 og 5, jf. eigedomsskattelova § 33.

Overskattetakstnemnd

Blir valt av kommunestyret mellom kommunen sine innbyggjarar, jf. eigedomsskattelova § 33.

Skal behandle klager på verdsetjing av faste eigedomar i skattetakstnemnda, jf. eigedomsskattelova § 20.

Forliksråd

Blir valt av kommunestyret mellom kommunens sine innbyggjarar, jf. domstollova § 27 1. ledd, men utover dette er rådet ikkje ein del av kommunen sin organisasjon.

Overformynderiet

Blir valt av kommunestyret mellom kommunens sine innbyggjarar over 30 år, jf. verjemålslova § 19.

Rådmannen

Etter kommunelova § 22 skal kommunen ha ein administrasjonssjef, i Jondal kommune kalla rådmann.

Kommunelova gjev ikkje rådmannen avgjerslemynde i enkeltsaker på vegne av kommunen.

Delegert mynde til rådmannen etter kommunelova

- Kommunestyret gjev rådmannen mynde til å behandle og fatte vedtak i alle saker som ikkje har prinsipiell karakter, jf. §23 nr. 4 dersom ikkje myndet ved lov, dette reglement eller anna reglement er lagt til eit anna organ.
Ei sak kan som hovudregel reknast som ikkje prinsipiell/ kurant i m.a. fylgjande tilfelle:
 - Vedtak i saka er meir eller mindre gjeve som følgje av tidlegare politiske vedtak og evt. vedtekne retningslinjer.
 - Saka ikkje krev særlege skjønsmessige vurderingar.
 - Vedtak i saka er i samsvar med politisk godkjende planar innafor vedkomande saksområde.
 - Regelbundne og fagleg prega vedtak som meir eller mindre fylgjer automatisk av lov, føresegner og liknande.

- Vedtak i saka har ikkje økonomiske konsekvensar utover det som er fastsett i budsjettet.
- Kommunestyret gjev rådmannen mynde til å gjera vedtak i personalsaker slik dette går fram av kommunen sitt personalreglement, jf kl. §24 nr.1. Tilsettingar skal meldast til formannskapet som referatsaker.
- Rådmannen kan delegera sitt mynde vidare internt i sin administrasjon, om ikkje kommunestyret eller anna delegerande organ eksplisitt har bestemt noko anna. Ved slik intern delegering er det framleis rådmannen som står ansvarleg i høve til kommunestyret. Rådmannen sine vedtak om vidaredelegering skal vere skriftlege. Av vedtaket skal det gå fram kva evt. vilkår og rapporteringsrutinar som gjeld ved bruk av delegert avgjerdsmynde.
- Kommunestyret gjev rådmannen mynde til kome med tilråding (innstilling) i saker til alle politiske organ, jf. §39, nr. 2, dersom anna lovverk ikkje er til hinder for dette.

Delegert mynde etter andre lover

Kva for delegering som evt. gjeld i høve til andre særlover vil kome fram under den einskilde lov i *KF Delegeringsreglement*.

Delegert mynde til rådmannen etter interne reglement

- Økonomireglementet til Jondal kommune
- Personalreglement for Jondal kommune
- Finansreglement for Jondal kommune
- Lønspolitisk plan for Jondal kommune

4. Andre politiske organ sitt mynde

Jondal kommune har 2 faste utval oppretta av kommunestyret etter §10 nr. 1 i kommunelova

- Hovudutval for oppvekst og levekår (HOL)
- Hovudutval for teknisk og levekår (HTN)

Hovudutval for oppvekst og levekår (HOL)

Delegert mynde til HOL etter kommunelova

- Kommunestyret gjev HOL mynde til å behandle og fatte vedtak i alle saker innafor sitt ansvarsområde dersom ikkje myndet ved lov, dette reglement eller anna reglement, er lagt til eit anna organ, jf §10 nr. 2.

HOL sine ansvarsområde gjeld følgjande:

Ansvar

- Ansvar 220 Skule
- Ansvar 310 Helse
- Ansvar 320 Sosial
- Ansvar 330 Bufellesskapet
- Ansvar 400 Pleie- og omsorg
- Ansvar 510 Jondal barnehage
- Ansvar 520 Herand barnehage
- Ansvar 710 Kulturskulen

Særlover

- Alkohollova
- Barnehagelova
- Barnevernlova
- Folkebiblioteklova
- Folkehelselova
- Helse- og omsorgstenestelova
- Lov om helsemessig og sosial beredskap
- Kulturlova
- Krisesenterlova
- Opplæringslova

Delegert mynde etter andre lover

Kva for delegering som evt. gjeld i høve til andre særlover vil kome fram under den einsskilde lov i *KF Delegeringsreglement*.

Hovudutvalet fattar vedtak i følgjande saker:

Årlege kulturmidlar til lag og organisasjonar iht. gjeldande retningslinjer

Årlege tilskot til lagshus iht. gjeldande retningslinjer

Hovudutval for teknisk og næring (HTN)

Delegert mynde til HTN etter kommunelova

- Kommunestyret gjev HTN mynde til å behandle og fatte vedtak i alle saker innafor sitt ansvarsområde dersom ikkje myndet ved lov, dette reglement eller anna reglement, er lagt til eit anna organ, jf §10 nr. 2.

HTN sitt ansvarsområde gjeld følgjande:

Ansvar

- Ansvar 600 Teknisk

Særlover

- Beitelova
- Brann- og eksplosjonsvernlova
- Forureiningslova
- Havne- og farvatnlova
- Jordlova
- Konesjonslova
- Kulturminnelova
- Lov om motorferdsle utmark og vassdrag
- Naturmangfaldslova
- Odelslova
- Oreigningslova
- Plan- og bygningslova
- Skogbrukslova
- Veglova
- Vegtrafikklova
- Viltlova

Anna

- Tilråding i saker om reguleringsplanar.

Delegert mynde etter andre lover

Kva for delegering som evt. gjeld i høve til andre særlover vil kome fram under den einssilde lov i *KF Delegeringsreglement*.

Felles for HOL og HTN

Utvala har m.a. avgjerdsmynde i følgjande saker:

1. Disponere budsjettmidlar innan sine ansvarsområde til tiltak i samsvar med rammer og føresetnader i vedteke årsbudsjett.
2. Tildele tilskot til ulike føremål/ tiltak innafor utvala sine ansvarsområde, innafor vedtekne budsjettammer.
3. Gje fråsegner i saker som ikkje må til kommunestyret.

4. I medhald av kommunelova §23 nr. 4 kan utvala innan sine ansvarsområde gje rådmannen fullmakt til å avgjera enkeltsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell karakter. Utvala kan ikkje delegere avgjerdsmynde til andre enn rådmannen i administrasjonen, unntak frå dette er i saker der lov, forskrift eller anna regelverk gjev pålegg om at delegering berre kan skje til den som er overordna fagleg ansvarleg.

Utvala har tilrådingsmynde etter jf. §39 nr. 2 i følgjande saker:

1. Utvala skal gje tilråding til kommunestyret i saker som kommunestyret sjølv skal avgjere innafor utvala sine ansvarsområde.
2. Tertialrapportar, årsmelding og rekneskap frå rådmannen, innafor sine ansvarsområde.
3. Utvala tilrår til vanleg for sine ansvarsområde til formannskap i saker om budsjett og økonomiplan.